

Vedtekter for Rolf Myklebust Minnefond (Reviderte 2022)

1. Rolf Myklebust Minnefond har som føremål å stø utgjevingar av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane i form av notar, arkivopptak og nyinnspelingar av tradisjonsstoff. Bøker eller hefte med skriftleg materiale innan sjangeren kan òg få stønad.
2. Grunnkapitalen i fondet er overskotet frå sal av Rolf Myklebust sine notehefte, utgjevne av Sogn og Fjordane Folkemusikklag, tilskot frå SFF og donasjonar frå organisasjonar og privatpersonar som ønskjer å heidre minnet etter Rolf Myklebust.
3. Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag vurderer søknader og gjer vedtak om tildelingar frå fondet.
4. Det er inga avgrensing på storleiken i kvar tildeling, og fondet vert avslutta når kontoen er tom.
5. Endring i desse vedtektene kan berre gjerast av årsmøtet i Sogn og Fjordane Folkemusikklag. Siste endring gjort av årsmøtet 2022.

Dei tidlegare vedtektene var slik:

Vedtekter for Rolf Myklebust Minnefond

1. Rolf Myklebust Minnefond har som føremål å stø utgjeving av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane. Fondet gjev ikkje stønad til nyinnspelingar eller utgjeving av nye komposisjonar på notar.
2. Grunnkapitalen i fondet er overskotet frå sal av Myklebust sine notehefte, utgjeve av Sogn og Fjordane Folkemusikklag, tilskott frå SFF og donasjonar frå organisasjonar og privatpersonar som ønskjer å heidre Rolf Myklebust.
3. Tildeling av midlar frå fondet skal ikkje skje før kapitalen har nådd 100 000,- - eitthundretusen kroner – og då berre med inntil 60% av renteinntektene. Dei attståande 40% av renteinntektene skal tilbakeførast til fondet.
4. Berre søknader som gjeld utgjeving av folkemusikk frå Sogn og Fjordane tildelast midlar
5. Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag vurderer søknader og gjer vedtak om tildelingar frå fondet.
6. Endring i desse statuttane kan berre gjerast av årsmøtet i Sogn og Fjordane Folkemusikklag.